



Bakgrunn for vedtak

Søknad om løyve til uttak av grunnvatn til innlandsfiskeanlegg i Eikesdal

Nesset kommune i Møre og Romsdal



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar	Statkraft Energi AS
Referanse	201500167-12
Dato	06.07.2016
Notatnummer	KI-notat 18/2016
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Statkraft Energi AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til å ta ut inntil 3000 m³/døgn (35 l/s) grunnvatn, til supplerande vassforsyning/reservevassforsyning til Innlandsfiskeanlegget Møre i Eikesdal. Gjennomsnittleg årleg vassuttak frå grunnvassbrønnane skal vere mindre enn 10 l/s. Anlegget si hovudvasskjelde er uttak frå eit oppkomme ved anlegget. For å oppnå tilstrekkeleg sikkerheit i vassforsyninga, ønskjer Statkraft AS no å nytte tre grunnvassbrønnar i lausmassar, som supplering og reservevasskjelde.

Nasset kommune har ingen merknadar til søknaden. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** kan ikkje sjå at tiltaket vil få særlege konsekvensar for naturmiljø, landbruk eller andre allmenne interesser. **Møre og Romsdal fylkeskommune** har ikkje merknadar i saka. **Direktoratet for mineralforvaltning** meiner konsekvensane for førekomst av mineralske råstoff er tilstrekkeleg opplyst, og har ikkje andre innspel til søknaden.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til uttak av grunnvatn, må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Statkraft Energi AS søker om løyve til uttak av grunnvatn frå tre brønnar i lausmasser i Eikesdal i Nasset kommune. Vatnet skal brukast som reservevassforsyning til settefiskanlegg for innlandsfisk i Eikesdalen. Grunnvassuttaket påverkar, i følgje søkar, ikkje elva Aura som renn gjennom dalen. Med desse tre brønnane, i tillegg til hovudvassforsyninga vil anlegget ha ein stabil og sikker vasstilgang. Brønnane vil ikkje føre til betydelege konsekvensar for biologisk mangfald eller for brukarinteresser i området.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Statkraft Energi AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Eikesdalen. Løynet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	3
NVEs vurdering.....	5
NVEs konklusjon	7
Forholdet til anna lovverk	7
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	8
Vedlegg	8

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Statkraft Energi AS, datert 21.4.2015:

«Statkraft Energi AS skal ta ut grunnvann frå et grunnvannsmagasin i løsmasser ved sitt anlegg i Eikesdal i Nesset kommune, Møre og Romsdal. Grunnvannsutttaket vil bli brukt som en supplerende vannkilde/reservevannkilde til produksjon av settefisk. Anleggets hovedvannkilde er uttak frå et oppkomme ved anlegget. For å oppnå tilstrekkelig sikkerhet i vannforsyningen søkes det om uttak av grunnvann fra tre grunnvannsbrønner ved anlegget.

Det søkes nå om konsesjon for følgende:

1) Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- Det søkes om uttak av inntil 3000 m³/døgn (35 l/s) med grunnvann til reservevannforsyning til Innlandsfiskeanlegg Møre, Eikesdalen. Gjennomsnittlig årlig grunnvannsutttak fra brønnene vil være mindre enn 10 l/s.*

Opplysninger om tiltaket går fram av denne søknaden, som er utarbeidet av Asplan Viak. Det hydrogeologiske datagrunnlaget i søknaden baserer seg på tidligere utgitte Asplan Viak-rapporter fra grunnvannsundersøkelser, data fra prøvepumping av nye brønner, grunnlagsmateriale fra tiltakshaver og registreringer i nettbaserte databaser.»

Grunnvannsutttak til Innlandsfiskeanlegg Møre, endeleg omsøkte hovuddata

GRUNNVANNSUTTAK

Bønnar	stk.	3
Maksimalt grunnvassuttak	m ³ /døgn	3000
Maksimalt grunnvassuttak	l/s	35
Gjennomsnittleg årleg grunnvassuttak	l/s	<10

Om søkjar

Statkraft Energi AS er søkjar.

Bakgrunn for søknaden

Statkraft Energi AS har bygd om og utvida settefiskanlegget sitt i Eikesdalen. Anlegget vert nytta til oppdrett av innlandsfisk. Fram til no har anlegget fått si einaste vassforsyning frå eit oppkomme. Etter det NVE kjenner til er ikkje denne vassekjelda tidlegare vurdert av NVE. Frå denne kjelda renn vatnet med sjølvfall til settefiskanlegget, og blir brukt utan anna behandling enn lufting. For å få moglegheit til å auke vassuttaket, og auke sikkerheita kring vassforsyninga til anlegget, er det no planlagt ei ny vassskjelde basert på tre grunnvassbrønner i lausmasse, i tillegg til den eksisterande kjelda.

Biomassen i anlegget varierer gjennom året, og difor vil også vassforbruket til settefiskanlegget variere mellom 13 og 33 l/s gjennom året. I tillegg reknar ein med maksimalt 2 l/s til vanleg forbruksvatn. Det maksimale forbruket kan difor komme opp mot 35 l/s (3000 m³/døgn).

Det no omsøkte grunnvassuttaket skal brukast som eit supplement til eksisterande grunnvassskjelde, og som reservevassskjelde ved eventuelle stopp i produksjonen frå hovudvasskjelda. Det er søkt om eit

maksimalt samla uttak på 35 l/s frå dei tre brønnane, men gjennomsnittleg uttak over året vil vere under 10 l/s.

Skildring av området

Statkraft sitt settefiskanlegg i Eikesdalen ligg ved foten av ein 25 m høg terrasseskråning, om lag 350 m sørvest for Aura. Området rundt anlegget består av utmark, men det er også dyrka mark oppe på terrasseflata ovanfor anlegget, og på elvesletter aust for anlegget. Næraste busetnad ligg 150 m vest for anlegget oppe på terrasseflata.

Lausmassane i området består av elveavsett sand og grus. Terrassen over anlegget er gammalt havnivå, og lausmassane her vart avsett i eit delta. Lausmassane er dominert av sand og grus øvst, og med overgang til marine finkorna lausmassar av finsand, silt og leire nedover. Etter landhevinga har Aura grave seg ned i desse lausmassane, og seinare avsett noko sand og grus på elveslettene.

Grunnvasskjelde

Dagens vassforsyning kjem frå ei stor kjelde i terrasseskråninga om lag 150 m søraust for anlegget. Målingar av vassføring i bekken frå denne kjelda, viser ei vassføring på mellom 40 og 60 l/s. Det at denne vassføringa er såpass stor og stabil viser at det er stabil nydanning av grunnvatn i tilsigsområdet. I tillegg til denne store kjelda finst det fleire mindre oppkomme i området. I elveskråninga ned mot Aura kjem det opp ein ganske stor kjelde. Sidan denne ligg nesten 10 m over elveløpet, er det antatt at det er tette lausmassar ned mot elva i dette området.

Asplan Viak gjennomførte grunnvassundersøkingar i 2009 og i 2013. Ut i frå desse undersøkingane er det no etablert tre produksjonsbrønnar. Naturleg grunnvassnivå i brønn 2 og 3 står ca. 2,5 m under bakkenivå, medan det ved brønn 1 står om lag ved bakkenivå. Det er påvist lausmassar med god vassgjevarevne i nivå 5-10 m i alle brønnane. I tillegg til produksjonsbrønnane er det bora ned sju peilebrønnar for måling av grunnvassnivået under uttak. Overvaking av desse peilebrønnane viser at uttak frå dei nye brønnane ikkje vil påverke grunnvassnivået i den opphavlege vasskjelda.

Den samla maksimale kapasiteten for alle tre brønnane er om lag 20 l/s. Omsøkt vassmengde på 35 l/s kan berre takast ut i korte periodar, for eksempel ved kortvarige tiltak i hovudvasskjelda.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Heile brønnområdet ligg i LNF-område.

Verneplan for vassdrag

Det nærliggande vassdraget Aura er ikkje verna etter verneplan for vassdrag.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE har ikkje vore på synfaring i området.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Neset kommune har i sin uttale av 3.6.2015 ingen merknadar til saka og er ikkje kjend med forhold eller interesser i området som tilseier at ikkje grunnvassbrønnane kan etablerast.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i brev av 12.5.2015 ingen merknadar til saka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev av 29.5.2015 uttala at dei ikkje kjenner til registrerte naturverdiar i området, og kan ikkje sjå at tiltaket vil få særlege konsekvensar for naturmiljøet, landbruksinteresser eller andre allmenne interesser.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard uttalar i e-post av 3.6.2015 at konsekvensane for førekomst av mineralske råstoff er tilstrekkeleg belyst, og har ingen andre innspel.

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Det vert søkt om å ta ut grunnvatn frå lausmassar i området ved Innlandsfiskeanlegget Møre i Eikesdal. Omsøkt maksimalt vassuttak er på 35 l/s (3000 m³/døgn), og gjennomsnittleg vassuttak vil vere under 10 l/s. Det no omsøkte grunnvassuttaket skal vere reservevassforsyning og supplering til eksisterande vasskjelde.

Ut i frå geologiske forhold og kjemien til grunnvatnet vert det antatt at grunnvatnet i dei omsøkte brønnane, og dagens vasskjelde har same opphav. Grunnvatnet stammar frå desse kjeldene:

- Vatn frå Bruåa som infiltrerer i grove lausmassar ca. 100-125 moh og ca. 700 m aust for oppdrettsanlegget. Søkar anslår denne infiltreringa til å vere over 100 l/s som eit gjennomsnitt over året.
- Avrenning frå fjellsida opp mot fjellet Børa infiltrerer i breelvteraseen ovanfor kjelda. Dette utgjør 10-20 l/s.
- Infiltrasjon av nedbør i grunnvassmagasinet vil utgjere om lag 2-3 l/s i gjennomsnitt over året.
- Grunnvatn frå fjell som matast inn i grunnvassmagasinet vil utgjere ein liten del av nydanning av grunnvatn.

Prøvepumping utført av Asplan Viak viser at elva Aura ikkje bidreg med grunnvatn i brønnområdet. Asplan Viak meiner grunnvassførekomsten sin totale kapasitet er i storleiksorden 100-150 l/s. Anlegget sitt vassbehov vil variere noko over året, mellom 15 og 35 l/s, avhengig av kor mykje biomasse det er i anlegget. Kapasiteten til eksisterande vasskjelde ligg godt over dagens vassbehov. Den maksimale kapasiteten til dei tre grunnvassbrønnane er også større enn anlegget sitt vassbehov, men dersom brønnane må belastast over tid kan den samlede kapasiteten bli mindre enn det som anlegget har behov for. Søkar opplyser at det er svært lite sannsynleg at hovudvasskjelda skal vere ute av drift i lengre tid, sidan dette er eit naturleg oppkomme som leverer vatn til anlegget med sjølvfall. Det vil også vere mogleg å redusere vassforbruket i anlegget over kortare periodar. Søkar vurderer difor settefiskanlegget si vassforsyning som sikker, både med tanke på kapasiteten til hovudvasskjelda og reservevasskjelde. NVE deler denne vurderinga.

Naturmangfald

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttak i Eikesdal legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 22.6.2016. Det er ikkje registrert raudlista artar, eller viktige naturtypar i influensområdet til grunnvassbrønnane. Heile Eikesdalen er avgrensa som eit kulturlandskapsområde utan at dette er gitt nokon særskilt verdi. Det er elles i Eikesdalen gjort ei rekke registreringar av raudlista artar, og det er avgrensa fleire naturtypar (spesielt i tilknytning til edellauvskog). Av brønnane si plassering relativt nær settefiskanlegget og anna infrastruktur, og vurderingane frå Asplan Viak om at Aura ikkje vert påverka, kan ikkje NVE sjå at grunnvassbrønnane skal ha påverknad utover tiltaksområdet.

Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

Ei eventuell utbygging av tre grunnvassbrønnar ved settefiskanlegget i Eikesdal vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå uttak av grunnvatn i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastning vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tillegast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Brukarinteresser

Dei tre brønnane er plassert i eit relativt avgrensa område, og med unnatak av tilgang til akkurat dette avgrensa området, kan ikkje NVE sjå at tiltaket skal føre til endringar i allmenta sin eventuelle bruk av området.

Kulturminne

I naturbase er det registrert nokre kulturminne i nærleiken av tiltaksområdet. Søkar informerer i søknaden også om spor etter kverndrift i ein nærliggande bekk. NVE vurderer at det er mogleg å ta omsyn til eventuelle kulturminner ved plassering av brønnane.

Flaum, ras og skred

Det er ikkje venta at uttaket av grunnvatn vil kunne føre til setningar, endringar i stabilitet, eller føre til auka erosjon.

Samfunnsmessige fordelar

Ein konsesjon til vassuttak som omsøkt vil gje grunnlag for vidare sikker drift av settefiskanlegg for innlandsfisk i Eikesdal.

Oppsummering

Statkraft Energi AS søker om løyve til uttak av grunnvatn frå tre brønnar i lausmasser i Eikesdal i Nesset kommune. Vatnet skal brukast som reservevassforsyning til settefiskanlegg for innlandsfisk i Eikesdal. Grunnvassuttaket påverkar, i følgje søkar, ikkje elva Aura som renn gjennom dalen. Med desse tre brønnane, i tillegg til hovudvassforsyninga vil anlegget ha ein stabil og sikker vasstilgang. Brønnane vil ikkje føre til betydelege konsekvensar for biologisk mangfald eller for brukarinteresser i området.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Statkraft Energi AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Eikesdal. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten, inkludert standardvilkår som gjev vassdragsmyndigheita anledning til å gje pålegg om tiltak. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av settefiskproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Grunnvassuttak

Løyvet gjeld uttak av maksimalt 35 l/s grunnvatn frå 3 grunnvassbrønner i området ved settefiskanlegget i Eikesdal. Gjennomsnittleg årleg vassuttak frå grunnvassbrønnane skal ikkje være større enn 10 l/s.

Vassforbruket skal loggast kontinuerleg, og data skal leggjast fram for NVE på førespurnad.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggjast fram og godkjennast av NVE.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Uttak av grunnvatn	Det skal takast ut maksimalt 35 l/s grunnvatn frå tre brønner som vist i søknaden. Gjennomsnittleg årleg vassuttak frå grunnvassbrønnane skal ikkje vere større enn 10 l/s.
Brønner og vassleidning	Etablering av brønner og vassleidningar skal skje på ein slik måte at det ikkje er til hinder for brukarinteresser i området.


Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 7: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Vedlegg

Kart over området med grunnvassbrønner.



Figur 3 Flybilde som viser plassering av produksjonsbrønner og peilebrønner